



Fyresdal kommune

Avdeling plan og teknikk

Stein Helge Lassemo
Birtedalsvegen 2481
3870 Fyresdal

Delegert vedtak Delegert rådmannen - nr. 136/20

Dykkar ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2020/1095-2 Einar Mikkelsen, 35067132 L13 04.09.2020
einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no

Mindre endring, Birte hyttefelt 16/1

Saka er handsama administrativt etter fullmakt frå rådmannen, jfr. Delegeringsreglemente for Fyresdal kommune og plan- og bygningslova:

Bakgrunn for saka

Stein Helge Lassemo, eigar av gnr/bnr 16/1, søker om ein mindre endring av bebyggelsesplan for Birte, vedteken 27.02.2008. Planområdet ligg ved Birtestøylen, søraust for Birtedalen, det er eit område på om lag 300 daa, og det er her lagt opp til 44 hyttetomter.

Det er søkt om ein mindre endring av planføresegnene ved at følgande tekst vert lagt til :

Det kan og nyttast takshingel i grå og jordfarga variantar.

Vurdering

Bebryggelseplanen er frå 2008 og i reguleringsføresegnene pkt. 3.6 lyder det:

Taket på hyttene skal tekkjast med torv eller tre.

Nokre av hyttebyggerne er i fylge Lassemo skeptiske til å nytte torv og tretak. Torvtaket har nokre ulemper som isdanning ved raft og brannfare ved gnister frå pipe. Torvtaket har relativt stor eigenvekt som må takast omsyn til ved dimensjonering. I tillegg kan det være vanskeleg å lokalisere eventuelle lekkasjer. Torvtak må ha årleg vedlikehald ved å slå gras, vatne og gjødsle for å sjå fint ut. Tretak krev mykje av undertaket då det vil renne vatn her, dei kan og bli svært ljose i fargen om dei ikkje får vedlikehald. Hytteeigarane ynskjer då alternativt å kunne nytte shingel i grå og jordfarga variantar.

Shingel med underlag krev ein takvinkel på min 15 grader, 19 grader for ny shingel uten underlag eller ved nytt lag shingel på gamal. Her er det sett krav om takvinkel mellom 22-30 grader så det vil være greitt. Shingel er eit meir eit gjør det sjølv produkt og krev eit enklare vedlikehald, stort sett fjerning av mose. Det kan punkterast ved snomåking, men er enklare å

reparere. Torvtak og tretak er nok estestisk finare enn shingeltak og gjer seg gjerne i hyttefelt. Nokre kommunar har hatt pålegg om torvtak i hytteområder, det har ikkje Fyresdal kommune.

Konklusjon

Grunneigar ynskjer å endre føresegnene til at takshingel kan nyttast i hyttefeltet. Ein ser at torv- og tretak estetisk passar betre inn i hyttemiljøet, men ser ikkje at takshingel med rett farge ikkje skal kunne tillatast.

Administrativt vedtak

I medhald av plan- og bygningslova §12-1 og Fyresdal kommune sitt delegeringsreglement vert det gjeve løyve til følgande mindre endring i gjeldande bebyggelsesplan for Birte og Birtebui, del av gnr/bnr 16/1 Tovsli Austre ved at reguleringsføresegnene pkt. 3.6 får eit tillegg som lyder;

Det kan og nyttast takshingel i grå og jordfarga variantar.

Vedtaket kan pålagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til den påførte adressaten. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, syne til vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som er ynskjelege, og dei vilkåra du vil klage over. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å oppgi når denne meldinga kjem fram.

Med helsing

Einar Mikkelsen
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Gebyr kr.7000,- vert sendt grunn/planeigar